



frd@fg-e.no

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3584 - 18/36833

Saksbehandlar:
Rune Kilen
Rune.Kilen@lindas.kommune.no

Dato:
11.12.2018

Svar på epost om Alver Brygge. Overvannssystem Kyrkjevegen - forslag reviderte planer

Vi viser til Dykkar epost av 20. november, synfaringa 17. oktober og møte 6. desember 2018. Tilstade på møtet 6. desember:

Frank Rune Dale – FG Eigedom as
Torgeir Paulsen – Kyrkjeleg felleusråd Lindås
Tom Nordeide – Entras entreprenør as
Anders Brakvatne – Lindås kommune
Rune Kilen – Lindås kommune
(Thor-Henrik Fredriksen – Haugen VVA) – innkalt med kunne ikkje kome.

Bakgrunnen for møtet var førespurnad frå utbyggjar Alver Brygge om nye utfordringar når det gjeld handtering av overvatn i Kyrkjevegen, spesielt i søndre del av Kyrkjevegen og rett nedfor kyrkja. Det vart gjennomført ei synfaring på staden den 17.10.2018, der og Thor-Henrik Fredriksen frå Haugen VVA deltok. Det vart i etterkant av synfaringa utarbeida ei revidert plan for handtering av overvatnet i dette problemområdet, med tilleggsarbeider som vart kalkulert til kr 300.000.- eks mva + prosjekteringskostnader. Kostnadane på dette er ikkje godkjent av kommunen. Utbyggjar sitt forslag er at kommunen og kyrkjeleg felleusråd dekkjer kostnadane for dette ekstra tiltaket.

- Kommunen har aldri hatt problem med overvatn på denne staden, vi meiner at problema har hovudsakleg har oppstått som følgje av gravearbeidene.
- Kommunen tek utgangspunkt i dei godkjente tekniske planane – som fortel at det skal vere ein god grøft på innsida av det planlagte fortauet. Denne vert det vanskeleg å få etablert no når det er etablert ein bakkemur, viss ikkje det skal gå på bekostning av vegbreidda.
- Tilbodet på 300.000.- eks mva er for dyrt, vi har difor fått eit alternativ tilbud frå vår rammeavtale-entreprenør på kr 120.000.- eks mva.



- Løysinga med drenggrøft i terrenget med føring av dette vatnet inn i sandfang på vestsiden av vegen og vidare herfra inn i eksisterande overvatnsanlegg er i utgangspunktet ikkje ein ikkje ein fullgod erstatning for opphavleg plan.

Kyrkjeverja i Lindås, Torgeir Paulsen, gjorde rede for overvatnshandteringa frå kyrkjetomta. Ein begrensa mengde vatn kan kome frå taket på kyrkja då det er lagt i røyr mot problemterrenget. Når det gjeld kor vatnet på parkeringsplassen tek vegen, er det meir usikkert. Dette kan ha vorte lagt ut i terrenget der vi no har fått problem.

Sikring av bekkeløpet

I planane står følgjande: «Bekkefar ledes til nytt bekkeinntak ved plastring av botn og sider med egnet sprengstein». Det vart noko diskusjon kva dette betyr. Kommunen meiner at dette betyr at det ikkje er nok med å reinske i bekkeløpet som nevnt på synfaringa – det kan tvert i mot forverre situasjonen. Det må leggjast stein både i botn og sider av bekken for å hindre erosjon langs bekkeløpet.

Konklusjonar / aksjonspunkt:

- Utbetring av problemområdet i sør gjerast som spleiselag mellom Kyrkjeleg fellesråd v / kyrkjeverje, Lindås kommune og FG eigedom der kvar eining deler totalkostnadane likt, og maks inntil kr 70 000.- eks mva på kvar part. Vert kostnadene lågre vert beløpet redusert. Endeleg oppgjer med faktura sendast direkte til kommunen / Kyrkja.
- Utbyggjar FG Eigedom plastrer bekkeløpet i samsvar med planskildring.

Med helsing

Atle Dingen
einingsleiar

Rune Kilen
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Anders Brakvatne

Atle Dingen

Thor-Henrik Fredriksen

Tom Nordeide

Torgeir Paulsen

Haugen VVA

Kyrkjeleg fellesråd
Lindås

Mottakarar:

frd@fg-e.no

